

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/12218-11

Søknad om finansieringsbidrag til Stad skipstunnel

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 150 000 kroner i 2018 til Nordfjord vekst til arbeidet med å realisere Stad Skipstunnel.
- 2 Tilskotet vert å finansiere på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2018.

Vedlegg:

1. Søknad om tilskot frå Nordfjord vekst v/prosjektleiar Randi Humborstad
2. Prosjektplan

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Nordfjord vekst v/prosjektleiar Randi Humborstad har søkt fylkeskommunen om eit finansierings - bidrag på 150 000 kroner i 2018 til arbeidet med å få Stad skipstunnel realisert, jf. vedlagt søknad.

Historikk - tidlegare vedtak

I april 2011 søkte prosjektgruppa for Stad skipstunnel om at fylkeskommunen tok på seg rolla som prosjekteigar for Prosjekt Stad skipstunnel i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune. Det vart søkt om eit finansieringsbidrag på 250 000 kroner i 2011. Prosjektgruppa bad også om signal på om fylkeskommunen ønskte i bidra i 2012 og 2013. I behandlinga av denne søknaden kunne ikkje fylkesrådmannen tilrå at fylkeskommunen skulle ta på seg rolla som prosjekteigar av prosjektet. For at prosjektet skulle ha ein viss økonomisk handlefridom til arbeidet sitt for å få Stad skipstunnel inn i Nasjonal transportplan og finansert over statsbudsjettet, fann fylkesrådmannen det rett å tilrå eit årleg tilskot på 250 000 kr i perioden 2011 – 13.

I møte den 7. juni 20 11, sak 39/11 gjorde fylkestinget følgjande vedtak:

1. Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane tek i fellesskap ansvaret for å skipe ein brei allianse og samordne arbeidet med å få staten til å bygge Stadt skipstunnell.
2. Stad Skipstunnel er eit nasjonal prosjekt og styringsgruppa/referansegruppa må avspegle dette.
Styringsgruppa/referansegruppa må få deltakarar frå heile landet.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune yter eit tilskot på kr 250 000, til prosjektet i 2011 finansiert over FU til disposisjon. Fylkeskommunen har som intensjon også å gje tilskot i 2012 og 2013 etter søknad.

Det er gitt tilskot på 250 000 kr pr. år til prosjektet også i 2012 og 2013.

- I 2014 vart det etter søknad gitt eit tilskot til prosjektet på kr 100 000, jf. HS – sak 6/14.
- I 2015 vart det etter søknad gitt eit tilskot til prosjektet på kr 100 000, jf. HS – sak 59/14.
- I 2016 vart det etter søknad gitt eit tilskot til prosjektet på kr 100 000, jf. HS – sak 50/15.
- I 2017 vart det etter søknad gitt eit tilskot til prosjektet på kr 150 000, jf. HS – sak 1/17

Totalt har Sogn og Fjordane fylkeskommune ytt 1,2 mill. i tilskot til arbeidet med å realisere Stad skipstunnel i perioden 2011 til 2017.

Sentrale problemstillingar

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har fått tilskot frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommune i mange år. Prosjektgruppa er avhengig av denne støtta for å kunne arbeide aktivt med å få realisert Stad skipstunnel.

Prosjektgruppa for Stad skipstunnel sitt mål for prosjektet er å få realisert Stad skipstunnel som eit nasjonalt prosjekt gjennom ei særskild statleg finansiering. Stad skipstunnelprosjektet er fullfinansiert i Nasjonal transportplan(2018- 2029). Kystverket har planlagt byggestart mot slutten av første stortingsperiode (2021). Gjennomføringa er likevel avhengig av at Stortinget gjer endeleg vedtak om at tunnelen skal byggast. Prosjektgruppa for Stad skipstunnel har målsetting om byggestart i 2020, og jobbar inn mot sentrale avgjerdsmynde for å holde trykket oppe, og å sjå til at prosjektet har den nødvendige framdrifta. I tillegg til jamlege møte med sentrale avgjerdsmynde og Kystverket, ser prosjektgruppa også behovet for å bestille ei oppdatert samfunnsøkonomisk analyse av prosjektet etter signal frå sentrale politikarar om at dette kan være nødvendig med omsyn til vidare framdrift.

Styringsgruppa for Stad skipstunnel gjorde følgjande vedtak i sitt styringsgruppemøte 13.desember 2017:

«Prosjektgruppa for Stad skipstunnel vil fortsette arbeidet med å få bygget Stad skipstunnel med målsetting om byggestart i 2020. I tillegg vil prosjektgruppa jobbe med ringvirkningar av prosjektet som etablering av hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund, samt medieovervåking og markedsføring av prosjektet nasjonalt og internasjonalt».

Andre opplysningar

Styringsgruppa for Stad skipstunnel har inngått avtale med det nye vekstselskapet i Vågsøy, Måløy Vekst AS om prosjektleiarstillinga for Stad skipstunnel. Randi Humborstad held fram i stillinga som prosjektleiar for Stad skipstunnelprosjektet.

2. Vurderingar og konsekvensar

I samband med fylkestinget si handsaming av grunnlagsdokumentet til Nasjonal transportplan 2018 - 29 i møte den 14.06.16, sak 22/16 gav fylkestinget m.a. følgjande fråsegn:

Sjøtransport

- a) *Stad skipstunnel ligg inne som nytt nasjonalt investeringsprosjekt i høg ramme. Prosjektet må flyttast heilt fram på prioriteringslista med byggestart i 2018. Fylkestinget meiner dette prosjekt et må realiserast i perioden 2018 - 21. I tidlegare fråsegner til Nasjonal transportplan har fylkestinget peika på kor viktig ei realisering av Stad skipstunnel vere både for fiskeri, maritime og marine næringer.*

I møte den 5. desember 2017, sak 53/17, vedtok fylkestinget m.a. følgjande fråsegn til Kystverket sitt handlingsprogram for 2018 – 2029:

2. *Fylkestinget er nøgd med at Stad skipstunnel ligg inne med oppstart første 6-årsperiode. Dette er eit viktig prosjekt for sjøtryggleiken på kysten både nasjonalt og for Sogn og Fjordane. Er det mogleg å flytte prosjektet tidlegare i perioden p.g.a. at andre prosjekt ikkje er klare, ber vi om at prosjektet vert sett i gong tidlegare i fyste perioden.*

Både fylkestinget og prosjektgruppa for Stad skipstunnel har som målsetting at tunnelen skal vere inne i første 4-årsperiode av handlingsprogrammet (2018 – 2021) med byggjestart i første del av denne perioden.

I Kystverket sitt vedtekne handlingsprogram for 2018 – 2029 ligg Stad skipstunnel inne med planlagd byggjestart mot slutten av første seksårsperiode (2018 – 2023) med slutføring i siste seksårsperiode.

Regjeringa kan legge fram forslag til løyving til Stortinget tidlegast våren 2018. Påverknad mot sentrale avgjerdstakarar vil vere ein kontinuerleg prosess fram til vedtak om bygging er gjort. Fylkesdirektøren meiner det er viktig at prosjektgruppa har eit økonomisk handlingsrom for å få prosjektet finansiert gjennom statsbudsjettet.

I perioden frå 2011 til 2017 har fylkeskommunen samla gitt tilskot/finansieringsbidrag på 1,2 mill. kr til arbeidet med å realisere Stad skipstunnel. Medrekna eventuelt tilskot i 2018 vil fylkes-kommunen totalt ytt 1 350 000 kr til føremålet.

Samferdselavdelinga har ikkje midlar på budsjettet til å gje tilskot ut over det som er fastlagt i budsjettet for 2018. Så lenge fylkeskommunen har gitt tilskot til dette føremålet, har tilskota vore finansiert over hovudutvalet sin post til disposisjon til utvalet. I 2018 er denne budsjett-posten på kr 175 000. Fylkesdirektøren vil tilrå at tilskotet vert finansiert gjennom teneste 4005 til disposisjon for utvala.

4. Konklusjon

Realisering av Stad skipstunnel er viktig for Sogn og Fjordane. Det er viktig å halde fram arbeidet i prosjektgruppa for Stad skipstunnel også i 2018 for å sikre at prosjektet vert finansiert over statsbudsjettet. Fylkesdirektøren tilrår difor at hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på kr 150 000 til Prosjektgruppa for Stad Skipstunnel for å vidareføre arbeidet i 2018. Fylkesdirektøren tilrår vidare at hovudutval for samferdsle finansierer tilskotet på teneste 4005 til disposisjon for utvala med 150 000 kroner i 2018.